

Høyringsfråsegn til ny diskrimineringslov

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir slik fråsegn til forslaget om ny diskrimineringslov.

Sakleg verkeområde for diskrimineringslova

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at lova ikkje skal gjelde familieliv og andre reint personlege forhold. Dersom domstolane skulle ha handheva også desse områda vil dette vil virke svært inngripande for borgarane, og det vil dessutan vanskeleg å handheve eit forbod mot diskriminering for reint personlege forhold.

Verna diskrimineringsgrunnlag

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag. Det er viktig å ha ein sekkekategori i tillegg til dei oppramsa grunnlaga der ein kan vise til andre forhold som ikkje kan endrast eller som har stor betyding for den det gjelder.

Unntak for sakleg forskjellshandsaming

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til at det skal gjerast unntak for sakleg forskjellshandsaming. Der forskjellshandsaminga er sakleg grunnlagt må ein akseptere at det blir gjort forskjellshandsaming.

Ikkje vern for juridiske personar

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at diskrimineringslova ikkje skal gjelde for juridiske personar. Det er menneskjer som har behov for eit vern mot diskriminering, ikkje bedrifter. Bedrifter må konkurrere på marknaden på forretningsmessig grunnlag. Vidare er Sogn og Fjordane fylkeskommune i mot at Noreg skal forplikte seg etter Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) sin tilleggsprotokoll nr 12. Juridiske personar skal ikkje ha rett på eit diskrimineringsvern.

Aktivitetsplikt for arbeidsgjevar

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om at arbeidsgjevar skal påleggjast å aktivt arbeide for likestilling og at det skal innarbeidast i helse, miljø og tryggleik (HMT) - arbeidet. Arbeidslivet er det viktigaste arenaen for diskrimineringsforbodet, og det er derfor viktig at arbeidsgjevar får plikt til å sørge for at usakleg diskriminering ikkje førekjem og at arbeidsgjevar arbeider systematisk for likestilling.

Oppreising og erstatning – ansvar utan omsyn til skyld i arbeidsforhold

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag når det gjeld oppreising og erstatning.

Offentleg kjøp. Eigenetklæring om likestilling

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag når det gjelder plikt til å levere egenerklæring om likestilling. På lik line med at det kan krevjast HMT - erklæring må det og kunne krevjast ei egenerklæring om likestilling.

Grunnlovsværn mot diskriminering

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å ta inn ein regel i Grunnlova som gir heimel til å setje til side lovreglar som er i strid med forbodet mot diskriminering.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

1. Forslag til lovtekst

Uprenta vedlegg:

1. Brev frå Det kongelige barne – og likestillingsdepartementet av 26.06.2009
2. NOU 2009: 14 Et helhetlig diskrimineringsvern

Saksframstilling

Bakgrunn

Fylkeskommunen har motteke høyringsbrev datert 26. juni 2009 frå Barne – og likestillingsdepartementet. Høyringa omhandlar forslag om å erstatte likestillingslova, lov mot etnisk diskriminering og diskriminerings – og tilgjengelegheitslova, samt enkelte reglar i arbeidsmiljølova kap 13 med ei ny lov. Det er foreslått å vedta ei ny lov om diskriminering som skal gjelde på alle samfunnsområde.

Sakleg verkeområde for diskrimineringslova

Fleirtalet i utvalet foreslår at lova ikkje skal gjelde familieliv og andre reint personlege forhold. Mindretalet er ueinig, men foreslår at disse områda ikkje skal handhevast av ombodet og nemnda.

Fylkesrådmannen er samd i at lova ikkje skal gjelde familieliv og andre reint personlege forhold. Dersom domstolane skulle ha handheva også desse områda vil dette vil virke svært inngripande for borgarane, og det vil dessutan vanskeleg å handheve eit forbod mot diskriminering for reint personlege forhold.

Verna diskrimineringsgrunnlag

Fleirtalet foreslår at lova skal gjelde diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel og adopsjon, etnisitet, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, religion, livssyn, politisk syn og alder og at det i tillegg skal vere ein sekkekategori der ”andre liknande vesentlege forhold ved ein person” og gir vern mot diskriminering. I sekkekategorien vil ein kunne vise til særleg urimelige eller usaklige tilfeller av diskriminering av overvektige, transvestittar, rusavhengige, straffedømte osb.

Diskrimineringsgrunnlaga er ei vidareføring av gjeldande rett, med unntak av ei utviding av vernet på grunn av seksuell orientering og politisk syn, som i dag berre gjelder arbeid og bustad.

Fylkesrådmannen er samd i at ein vedtek dei nemnte grunnlaga i tillegg til ein sekkekategori. Det er viktig å ha ein sekkekategori i tillegg til dei oppramsa grunnlaga der ein kan vise til andre forhold som ikkje kan endrast eller som har stor betydning for den det gjelder.

Unntak for sakleg forskjellshandsaming

Utvalet foreslår å innføre ein unntaksregel som seier at diskrimineringsforbodet ikkje skal gjelde sakleg forskjellshandsaming.

Fylkesrådmannen er samd i at det skal gjerast unntak for sakleg forskjellshandsaming. Der forskjellsbehandlinga er sakleg grunnleggjande må ein akseptere at det blir gjort forskjellshandsaming.

Ikkje vern for juridiske personar

Det blir foreslått at diskrimineringsvernet berre skal gjelde for menneskje, altså at ein avgrensar mot juridiske personar. Utvalet foreslår og at Noreg ikkje forpliktar seg etter Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) sin tilleggsprotokoll nr 12 fordi den gir eit vern mot diskriminering for juridiske personar og fordi rekkevidda av forpliktingane etter protokollen er svært usikre.

Fylkesrådmannen er samd i at diskrimineringslova ikkje skal gjelde for juridiske personar. Det er menneskjer som har behov for eit vern mot diskriminering, ikkje bedrifter. Bedrifter må konkurrere på marknaden på forretningsmessig grunnlag. Vidare foreslår fylkesrådmannen at Noreg ikkje skal forplikte seg etter EMK sin tilleggsprotokoll nr 12. Juridiske personar skal ikkje ha rett på eit diskrimineringsvern.

Aktivitetsplikt for arbeidsgjevar

Utvalet foreslår at arbeidsgjevars aktivt skal arbeide for likestilling i høve til alle diskrimineringsgrunnlaga i lova og at dei skal innarbeidast i helse, miljø og tryggleik (HMT) - arbeidet. Utvalet foreslår at Arbeidstilsynet skal handheve aktivitetsplikta, men at utgreiingsplikta som i er i dag blir oppheva.

Fylkesrådmannen er samd i at arbeidsgjevar skal påleggjast å aktivt arbeide for likestilling og at det skal innarbeidast i HMT - arbeidet. Arbeidslivet er det viktigaste arenaen for diskrimineringsforbodet, og det er derfor viktig at arbeidsgjevar får plikt til å sørge for at usakleg diskriminering ikkje førekjem og at arbeidsgjevar arbeider systematisk for likestilling.

Oppreising og erstatning – ansvar utan omsyn til skyld i arbeidsforhold

Utvalet foreslår at arbeidsgjevar skal vere ansvarleg for å betale kompensasjon for krenkinga og erstatning (kompensasjon for økonomisk tap) ved diskriminering i strid med lova, uavhengig i om arbeidsgjevar kan klandrast for diskrimineringa.

Utanfor arbeidslivet foreslår utvalet at den som har diskriminert må ha utvist skyld før ein kan krevje erstatning.

Ved diskriminering som kan heimlast i sekkekategori må den som har diskriminert ha utvist skyld før ein kan krevje erstatning. For å få oppreising krevst det at den som har diskriminert har opptredd grovt aktaust.

Ombodet og nemnda skal ikkje ha mynde til å avgjere om ein person skal få oppreising og erstatning. Kravet må reisast for domstolane.

Fylkesrådmannen er samd i at utvalet sitt forslag når det gjeld oppreising og erstatning.

Offentleg kjøp. Eigenerklæring om likestilling

Utvalet fremjar forslag om at leverandørar som skal gi tilbod om levering av varer og tenester, samt bygge – og anleggsarbeidar skal levere eigenerklæring der det blir bekrefta at verksemda som arbeidsgjevar oppfyller plikta til å jobbe aktivt for likestilling etter diskrimineringslova. Utvalet foreslår at manglande eigenerklæring skal gi grunnlag for å avvise tilbodet frå leverandøren.

Fylkesrådmannen er samd i at utvalet sitt forslag når det gjelder plikt til å levere eigenerklæring om likestilling. På lik line med at det kan krevjast HMT - erklæring må det og kunne krevjast ei eigenerklæring om likestilling.

Grunnlovsværn mot diskriminering

Saksbehandlar: Merete Myklebust
Avdeling: Fylkesrådmannen

Sak nr.: 09/5527-1

Utvalet foreslår å ta inn ein regel om ikkje-diskriminering i Grunnlova. Grunnlovsregelen vil fungere som ei sperre for lovgivar, slik at lovreglar som er i strid med ikkje-diskrimineringsprinsippet i Grunnlova kan setjast til side.

Fylkesrådmannen er samd i at ein skal ta inn ein regel i Grunnlova som gir heimel til å setje til side lovreglar som er i strid med forbodet mot diskriminering.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑